

Peder Gravem: Bør KRL-faget endrast?

Bakgrunn

Debatten om det nye grunnskolefaget KRL – *Kristendomskunnskap med religions- og livssynsorientering* – har enno ikkje falle til ro. Det er fleire grunnar til dette. For det første meiner ulike minoritetsgrupper framleis at deira interesser ikkje er godt nok sikra.. Eit klart uttrykk for det er at Human-Etisk Forbund og Islamsk Råd støttar rettssaker mot staten der foreldre prøver å få fullt fritak frå faget¹. For det andre har det vore ein føresetnad at faget og fritaksordninga skulle evaluerast etter tre år. Ei forskingsbasert evalueringa skal avsluttast denne hausten. På det grunnlaget vil departement og storting så måtte ta stilling til om faget eller fritaksordninga bør endrast. Dermed er faget nok ein gong sett på den politiske dagsorden. Da kan vi også vente ein ny debatt om faget.

Mange har alt kome med innspel og signalisert at faget bør endrast. I skrivande stund er resultatet av evalueringa ikkje tilgjengeleg. Difor vil eg i denne artikkelen heller ikkje ta konkret stilling til eventuelle endringar av faget. Det kan først gjerast når evalueringsgruppa har avslutta sitt arbeid.

Problemstilling og opplegg

I staden skal eg prøve å klargjere nokre andre sentrale *premissar* for ein *debatt* om endringar av faget. Som utgangspunkt og grunnlag for ein slik debatt trengst det ei presis tolking av faget. Vi må med andre ord ha eit klart og skarpt bilete av det faget som det er tale om å endre. Difor skal eg gjere greie for det vi kan kalle KRL-faget sin *fagprofil*. Det er av interesse også fordi vi framleis kan møte nokså sprikande tolkingar av faget.

Med utgangspunkt i fagprofilen skal eg så drøfte kva type endringar det kan vere rom for *innanfor* fagprofilen, og kva endringar

av faget som vil gje ein *annan* fagprofil. Samtidig vil eg argumentere for at sjølve fagprofilen ikkje bør endrast. Etter mitt syn vil det gje eit fag som på ein dårlegare måte vil løyse faget sine oppgåver i eit fleirkulturelt og fleirreligiøst samfunn.

Fagprofilen

Fagprofilen står her som eit uttrykk for kva karakter faget har ut frå læreplanen sine overordna mål og prinsipp², og ut frå faginnhald og fagstruktur³. Det er ein føresetnad at læreplanen blir tolka i samsvar med opplæringslov⁴ og diverse forarbeid⁵, politiske retningslinjer⁶, metodisk rettleiing⁷ og generell del av læreplanverket⁸.

Fagprofilen kan skisserast ved å peike på faget sine oppgåver, faget sitt forholdet til menneskerettane, dei over ordna måla for faget og prinsippa for faget.

Faget sine oppgåver

Faget kan seiast å ha tre hovudoppgåver som står i ein viss indre samanheng med kvarandre.

For det første skal faget vere med på å gje elevane visse felles kulturelle og verdimesige referanserammer. I denne samanhengen talar ein om eit felles kunnskaps-, kultur- og verdigrunnlag⁹. Dette skal stimulere til å utvikle ein viss felles kulturell identitet, bygd på kunnskap og om forståing mellom ulike religion og livssyn. Faget skal vere med på å gje kunnskap som trengst for å vere fullverdig medlem i eit fleirkulturelt samfunn. Samtidig skal det knyte band mellom ulike grupper og kulturar.

For det andre skal faget gje elevane ei betre forståing av og forankring i eigen religiøs eller livssynsmessige tradisjon. På det grunnlaget skal faget også stimulere elevane til å utvikle eiga tru og eigen religiøs eller

livssynsmessig identitet¹⁰. Dette inneber at faget også skal kunne støtte opp under religiøs og livssynsmessige oppseding i heimen og undervising i regi av eins trussamfunn.

For det tredje skal faget også gje elevane kjennskap til *ulike* religionar og livssyn, og stimulere til forståing og dialog mellom menneske med ulik tru.

Forholdet mellom desse oppgåvene kan tolkast på fleire måtar. Ein kan sjå det slik at ein realiserer den første oppgåva ved at ein samtidig realiserer den andre og den tredje. Men ein kan også spørje om ikkje den første og den tredje oppgåva i realiteten vil verke relativiserande og dermed motverke ei betre forankring i eigen tradisjon¹¹. Læreplanverket sine intensjonar er nok at dette er oppgåver som gjensidig er avhengige av kvarandre. Dette er spørsmål som vi skal kome tilbake til.

Menneskerettar

Det har heile tida vore ein føresetnad at faget skal halde seg innanfor mennesketettane sine rammer¹². Først og fremst vil det seie at skolen viser respekt for foreldra sitt primære ansvar for oppsedinga. Dette har som kjent resultert i ei ordning med delvis fritak frå visse aktivitetar i faget. Det er aktivitetar som lova omtalar som «religiøse», og som foreldra kan oppleve som praktisering av annan religion eller tilslutning til anna livssyn¹³. Frå skolen si side er det tale om ordinære pedagogiske aktivitetar. Elevar som har fritak, skal – så langt råd er – få tilbod om differensiert undervising innanfor faget. Kort sagt vil det seie at elevane får bruke andre arbeidsmåtar for å nå læringsmåla i faget¹⁴.

Mål og prinsipp for faget

Opplæringa i faget har som mål¹⁵

- at elevane skal få grundig kjennskap til Bibelen og kristendommen som kulturarv og som levande kjelde for tru, moral og livstolking
- at elevane skal bli fortrulege med dei

kristne og humanistiske verdiane som skolen byggjer på

- at elevane skal få kjennskap til andre religionar og livssyn som levande kjelde for tru, moral og livstolking
- å fremje forståing, respekt og evne til dialog mellom menneske med ulik tru
- å stimulere elevane i deira personlege vekst og utvikling

Prinsippa for faget kan samanfattast slik¹⁶.

- KRL er eit ordinært skolefag det kunnskap og oppleving går hand i hand.
- Religionar og livssyn skal presenterast ut frå sin eigenart og i samsvar med si sjølvforståing. Men faget skal (i si form) ikkje vere arena for «forkynning», der eitt syn blir gjort gjeldande som det rette.
- Dei same pedagogiske prinsippa skal leggjast til grunn for arbeidet med kristendommen og med andre religionar og livssyn. For så vidt kan ein tale om pedagogisk eller didaktisk likestilling i faget.
- Kvantitativt skal kristendommen ha større plass enn andre religionar og livssyn. Det har både ei historisk og ei aktuell grunngevinga. Dei fleste er tilslutta ei kristen kyrkje, og kristendommen har gjennom tidene sett sitt preg på norsk kultur og samfunn.
- Ut frå eit tilsvarande prinsipp skal det leggjast størst vekt på kristendommen i evangelisk-luthersk versjon. Men samtidig skal undervisinga vere økumenisk open og gje kunnskap om andre kristne trussamfunn.
- Faget skal ivareta elevane sin identitet ut frå eigen tradisjon og fremje dialog i ein felles kultur.
- Faget skal både gje hjelp til å halde fast på eigen ståstad og til å føre dialog ut frå innsikt i det som er forskjellig i ulike religionar og livssyn. Toleranse må difor ikkje forvekslast med relativisme.
- I juridisk forstand skal faget vere «objektivt, nøytralt og pluralistisk», slik internasjonale menneskerettar krev. Pedagogisk

inneber det bl.a. at faget skal gje eit korrekt bilete av ulike religionar og livssyn, at faget ikkje kan presentere ei overtyding som den sanne og at elevane reelt sett får møte fleire religionar og livssyn.

Samanfattande inneber dette bl.a. at faget ikkje skal vere relativistisk, synkretistisk, forkynnande i si formidlingsform, framstille *ei* overtyding som den sanne eller formidle ei reint sekulær livstolkning.

KRL som pedagogisk prosjekt for sosialisering og integrering

Det er ei kjent sak at KRL-faget har vorte til gjennom politiske kompromiss. Det kan også diskuterast om den politiske prosessen bak faget har vore den beste. Religiøse og livssynsmessige minoritetar meiner framleis at dei ikkje fekk den plassen dei burde ha fått i prosessen. Desse spørsmåla skal eg ikkje ta opp her. Derimot skal eg drøfte eit anna spørsmål: Er det indre samanheng i den fagprofilen eg no har skissert, eller er faget snarare eit konglomerat av uforeinlege eller usamhengande bitar?

Etter mitt syn kan det påvisast ein klar indre samanheng i fagprofilen. Fagprofilen er å forstå som uttrykk for eit pedagogisk prosjekt for sosialisering og integrering av individ og grupper i eit fleirkulturelt og fleirreligiøst samfunn.

Individnivå

Som pedagogen Thor Ola Engen kan vi skilje teoretisk mellom ulike sosialiseringforløp i eit fleirkulturelt samfunn¹⁷. Når vi tenkjer oss at det er *verdifellesskap* mellom heim og skole, kan dette gje grunnlag for *forsterkande sosialisering*. Det er eit vidt, pedagogisk verdiomgrep som er nytta her. Verdiar omfattar både kulturelle, moralske, religiøse og livssynsmessige overtydingar. Har ein forsterkande sosialisering som pedagogisk mål, må elevane skjermast i forhold til det fleirkulturelle samfunnet. For her vil elevane elles møte eit verdimangfald som

delvis er på kollisjonskurs med det som heimen/skolen står for. I vårt medieprega samfunn er ei slik skjerming på sikt knapt nok gjennomførbar. Men skjerming er heller ikkje ønskeleg. Andre syn blir da lett opplevde som trussel mot eigen identitet. Eit pedagogisk program der målet berre er forsterkande sosialisering, vil også gje dårleg hjelp til å forstå andre og svak kvalifisering for eit fleirkulturelt samfunn.

Når vi tenkjer oss at det er *verdikonflikt* mellom heim og skole, kan resultatet bli *resosialisering*. Det vil seie at elevane tileignar seg skolen sine verdiar. Men samtidig blir dei framande for det heimen og heimekulturen står for. Det er ein for høg pris å betale for å bli integrert og akseptert i skolekulturen. Som pedagogisk målsetjing er resosialisering i dag utenkjeleg. Det ville kollidere med foreldra sitt primære ansvar for oppsedinga, vere uforeinleg med respekt for minoritetskulturane og tvinge elevane til rive opp røtene til heim og lokalkultur.

Går vi ut frå ein kombinasjon av verdikonflikt og verdifellesskap mellom heim og skole, kan resultatet bli det Engen kallar *integrerende sosialisering*. Her inngår det både eit element av forsterkande sosialisering og av resosialisering. Poenget er at alle elevane skal få stadfesta sin eigen identitet på skolen, gjennom forsterking av sosialisering som har skjedd i heimekulturen. Men samtidig lærer dei noko nytt. Dei møter og tileignar seg andre eller nye verdiar med utgangspunkt i den sosialiseringa som alt har skjedd. Det nye blir integrert i dei gamle rammene, og dei gamle rammene blir tilpassa slik at dei gjev rom for det nye.

Det er ikkje vanskeleg å sjå at KRL sin fagprofil pedagogisk sett er å forstå som eit opplegg for *integrerende sosialisering*. Eg skal kort nemne nokre grunnar for det. For det første har faget som utgangspunkt at det både vil vere verdikonflikt og verdifellesskap mellom heim og skole. Verdifellesskapet kjem til uttrykk i at oppsedinga i faget ut frå formålsparagrafen skal skje i forståing og

samarbeid med heimen. Det svarer til at faget skal støtte elevane sin identitet ut frå eigen tradisjon. Men samtidig skal elevane også møte eit mangfald av ulike og til dels motstridande tradisjonar i faget. Slik sett vil det også liggje verdikonfliktar mellom heimen og større eller mindre delar av faget. Det er også noko av bakgrunnen for retten til delvis fritak.

Det er også eit anna forhold som viser at fagprofilen svarer til tanken om integrerende sosialisering. Det er faget sin kombinasjon av identitet gjennom betre forankring i eigen tradisjon og dialog i møte med andre overtydingar. Tanken i faget er at det nettopp er gjennom betre forankring av eigen identitet at elevane blir i stand til å forstå andre syn og respektere menneske med andre oppfatningar.

For det tredje kan vi også nemne at sentrale element i didaktikken for faget er i samsvar med tanken om integrerende sosialisering som pedagogisk mål. Vi har peikt på at ein i faget skal undervise etter dei same prinsippa når ein arbeider med lærestoffet om ulike religionar og livssyn. Denne didaktiske likestillinga skal i prinsippet gje alle elevane det same høvet til å identifisere seg med eigen tradisjon og livstolkning. Dessutan må vi her også nemne kva som særpregar den felles didaktikken for faget. Undervisinga skal ikkje berre gje teori om religionar og livssyn. Faget skal også formidle eit pedagogisk tilrettelagt møte med tru slik ho blir praktisert og kjem til uttrykk innanfor trussamfunna. Faget legg til rette for læring gjennom erfaring, ved å møte representantar for religionar og livssyn, vere til stades ved høgtidsfeiring, gudstenester og ritual, arbeide med forteljingar, bilete, musikk osv. Ein slik didaktikk skal vere med på å realisere sentrale mål i faget. Ikkje minst er det da tale om at faget skal formidle eit møte med lærestoffet som levande kjelde for tru, moral og livstolkning. I sak vil det seie at elevane skal få høve til å møte *verdidiimensjonen* i lærestoffet. Ut frå teorien er det ein

avgjerande føresetnad for at integrerende sosialisering skal kunne kome i gang¹⁸.

Før vi snur blikket frå individnivå til gruppenivå, skal vi også kommentere ei *innvending* som kunne rettast mot å forstå fagprofilen som uttrykk for tanken om integrerende sosialisering. Det er at kristendommen av historiske og aktuelle grunnar har fått større plass i faget enn andre religionar og livssyn. Inneber ikkje ein slik kvantitativ skilnad at minoritetslevar i praksis blir hindra i å utvikle identitet ut frå eigen tradisjon? Da ville grunnlaget også falle bort for å tale om integrerende sosialisering når det gjeld elevane frå minoritetsgruppene. Det kan sjølvsagt ikkje utelukkast. Kva faget faktisk vil føre til av sosialisering for ulike elevane og elevgrupper, kan ein berre finne ut ved å undersøke saka. At faget i omfang har mest stoff om kristendommen, kan sameinast med at fagprofilen etter intensjonane er i pakt med tanken om integrerende sosialisering. Grunnen til det er at det heile tida har vore ein føresetnad at minoritetslevar som følgjer faget, samtidig skal få økonomisk støtte til undervising i regi av eige trussamfunn.

Konklusjonen på dette er at KRL-faget ut frå sin intensjon best kan forståast som eit opplegg for integrerende sosialisering. Det same kan også seiast om læreplanverket for øvrig. Det framgår tydeleg nok både av den generelle delen og av andre fagplanar, t.d. for norskfaget¹⁹.

Gruppenivå

Som NOU 1995:12 – *Opplæring i eit fleirkulturelt samfunn* – kan ein skilje mellom ulike politiske strategiar for å ordne forholdet mellom storsamfunnet og innvandrar- og minoritetskulturar.

Ein talar om *segregering* der gruppene lever i kvar si kulturelle verd, utan kontakt med kvarandre. I minoritetsgruppene manglar ein da også kompetanse til å fungere i storsamfunnet på like vilkår med fleirtalet. Segregering på gruppenivå kan seiast å svare til forsterkande sosialisering på individnivå.

Når minoritetane einsidig må tilpasse seg fleirtalet og fleirtalskulturen, talar ein om *assimilering*. Ein slik politisk strategi kan på individnivå seiast å svare til resosialisering for mindretalselevar, forsterkande sosialisering for elevar frå fleirtalskulturen. Til assimilering som strategi svarer parolen «Kom som du er, men bli som oss».

Når den politiske strategien er likestilling mellom menneske frå fleirtals- og mindretalskultur, talar ein om *integrering*. Alle skal ha dei same rettane og pliktene. På gruppenivå inneber integrering at minoritetane sin kutur også blir støtte aktivt frå samfunnet si side. Da er det likestilling ikkje berre mellom individ, men også mellom grupper. I skolen inneber det at fleirtal og mindretal skal lære om kvarandre sin kultur. Majoritet og minoritet tilpassar seg kvarandre. I dag er dette med god grunn også offisiell norsk innvandringspolitikk²⁰.

Det er også forholdsvis lett å sjå at KRL-faget ut frå fagprofil og intensjonar er i samsvarende prinsippet om gruppeintegrering. Det som kan svekke inntrykket, er at den økonomisk støtta til minoritetane si eiga trusopplæring enno ikkje er følgt opp slik føresetnaden var²¹. Gruppeintegrering som politisk strategi kjem tydeleg til uttrykk også i læreplanverket, både i den generelle delen og i andre fagplanar²².

Endring av fagprofilen?

Drøftinga så lang har vist at KRL-faget sin fagprofil korresponderer med integrerande sosialisering som pedagogisk program og med gruppeintegrering som politisk strategi. Eg har også argumentert for at integrerande sosialisering med tilsvarende gruppeintegrering er å føretrekkje framfor dei alternative modellane. Det spørsmålet som no står att, er kva type endringar av faget det kan vere plass for innanfor fagprofilen, dvs. utan å forlate tanken om integrerande sosialisering som overordna pedagogisk mål. Bakgrunnen for dette spørsmålet er kritikk som er retta mot faget ut frå motstridande interes-

ser, og forskjellige idéar som har vore kasta fram for å skape ro og få breiare oppslutning om faget, særleg blant minoritetsforeldre. Avslutningsvis skal eg kort vurdere nokre alternativ.

Didaktisk likestilling?

Det er eit sentralt prinsipp i faget av elevane skal få møte kristendommen og andre religionar og livssyn som levande kjelde for tru, moral og livstolking. Difor skal ein også nytte den same didaktikken når ein arbeider med lærestoff frå ulike religionar og livssyn. Retten til fritak gjeld aktivitetar i faget som elevar eller foreldre kan oppleve som praktisering av annan religion eller tilslutning til anna livssyn. Ut frå dette kunne ein tenkje seg ei avvikling av den didaktiske likestillinga. Det måtte gå ut på at elevane fekk arbeide med stoff frå sin eigen tradisjon på ein meir involverande måte, medan arbeidet med andre religionar og livssyn vart meir prega av distanse. I fritaksordninga ligg det eit *element* av slik didaktisk differensiering. Å *reindyrke* ein slik modell, ville knapt vere mogleg utan å splitte opp faget i eit kristendomsfag, eit islamfag osv. Dessutan talar prinsipielle grunnar mot å oppheve den didaktiske likestillinga. Det ville innebære at *verdidimensjonen* ved andre religionar og livssyn vart avblenda. Dermed ville arbeidet med dette stoffet ut frå teorien heller ikkje verke sosialisierende. Elevane ville ikkje få møte lærestoffet som levande tru og aktuell livstolking. Den eksistensielle utfordringa i lærestoffet ville bli bort. Ein ville få eit reint utvendig forhold til andre si tru. Det ville svekke den hjelpa faget kan gje til å skape forståing på tvers av overtydingar og knyte band på tvers av grupper. Kort sagt: Oppheving av den didaktiske likestillinga ville svekke både identitetsutvikling og dialog i faget, og dra i retning av einsidig forsterkande sosialisering og segregering.

Ein annan didaktikk?

Det har vore hevda at didaktikken for faget

må endrast om ein skal få eit reelt fellesfag, dvs. eit fag som også minoritetane kan slutte opp om. Det ein da ser for seg, er at oppsøking og identitetsdanning blir overlaten til heim og trussamfunn, medan skolen berre skal formidle nøytral orientering og gje kunnskap om religionar og livssyn. Det er to tunge innvendingar mot ein slik didaktikk. Den eine er at elevane blir avskjerma frå å møte religionar og livssyn slik dei blir praktiserte og konkret kan erfarast i kultur og samfunn. Dermed er det – som i punktet ovanfor – nettopp verdidimensjonen ved lærestoffet som blir fjerna. Det ville vere i klar konflikt med tanken om integrerande sosialisering.

Verdimessig likestilling?

Er KRL som fag sjølv uttrykk for eit religiøst eller livssynsmessig standpunkt? Kva standpunkt er det i så fall? Blant kritikarar av faget blir det gjeve motstridande svar på det spørsmålet. Frå konservativt kristent hald har det vore hevda at faget presenterer seg som livssynsnøytralt, men i praksis vil fremje relativisme. Frå humanetisk hald har det tvert imot vore påstått at KRL er eit utvida konfesjonelt kristendomsfag. I lys av fagprofilen er begge delar galt. Den didaktiske likestillinga har ikkje som føresetnad at religionar og livssyn er like sanne eller gyldige. Overvekta av kristendomsstoff inneber heller ikkje at faget gjev kristendommen ei verdimelessig særstilling. Fagprofilen svarer til eit metastandpunkt som kan kallast *perspektivpluralisme*²³. Det vil seie at ein aksepterer førekomsten av mange og mot-



stridande standpunkt og innrømmer at menneske med ulike erfaringar kan ha gode grunnar for sine oppfatningar. Men dermed hevdar ein ikkje at det eine er like sant som det andre (relativisme), eller at vi ikkje kan vite om noko er sant (skeptisisme). Til perspektivpluralismen svarer den overtydinga at eitt standpunkt er meir sant enn alternativa. Ei tilsvarende overtyding finn vi gjennomgåande også innanfor dei ulike religionane og livssyna.

Ei verdimelessig likestilling av religionar og livssyn innanfor faget ville svare til relativisme eller skeptisisme som metastandpunkt. Også det ville kome i konflikt med tanken om integrerande sosialisering. Det ville undergrave verdidimensjonen ved lærestoffet. Med pedagogiske middel ville ein fjerne den utfordringa som ligg i at religionar og livssyn faktisk gjer krav på å vere sanne. Samtidig ville ein hindre at elevane fekk møte lærestoff i sin eigenart.

Kvantitativ likestilling?

Den tolkinga eg har gjeve av fagprofilen, aktualiserer spørsmålet om det i faget ikkje burde vore større grad av kvantitativ likestil-

ling når det gjeld stoff frå kristendommen og frå andre religionar og livssyn. Ein kan hevde at både integrerende sosialisering og gruppeintegrering elles må bli illusorisk. Fleirtalet blir forfordelt, slik at elevane frå minoritetsgrupper får mindre hjelp til å utvikle identitet ut frå eigen tradisjon.

Det er vanskeleg å sjå korleis ein skulle løyse dette problemet innanfor eitt felles skolefag. På den eine sida har alle elevar prinsipielt den same retten til å få fotfeste innanfor eiga tru og eigen tradisjon. På den andre sida kan det verke urimeleg at minoritetstradisjonar skal ha like stor plass i faget som majoritetstradisjonane. På dette punktet er det ein sentral føresetnad for faget som enno ikkje er sett i verk. Det er at staten går inn med økonomisk støtte til undervisning i regi av eige trussamfunn. Etter mitt syn krev prinsippet om gruppeintegrering at slik støtte kjem på plass.

Fullt fritak?

Frå fleire hald har det vore reist krav om fullt fritak frå faget. Spørsmålet er sentralt også i rettssakene om faget. Det juridiske spørsmålet skal ikkje drøftast her. Det må til sist avgjerast i rettsapparatet, eventuelt ved anke til menneskerettsdomstolen. Eit pedagogisk problem med kravet om fullt fritak er at det i realiteten vil torpedere KRL som eit felles fag. Ein modell med fleire parallelle fag vil nok kunne styrke utviklinga av identitet ut frå eigen tradisjon, men vil svekke undervisninga om andre religionar og livssyn. Difor er det grunn til å frykte at ein slik modell vil vere dårlegare eigna til å nå integrerende sosialisering som pedagogisk mål. Det vil gje individet svakare kompetanse for det fleirkulturelle samfunnet, og utvikle mindre forståing og samkjensle mellom ulike grupper.

Identitet som grunnlag for dialog?

Den mest overtydande kritikken mot faget går ut på at minoritetselevar – særleg i småskolen – blir konfronterte med andre religio-

nar og livssyn før dei har fått tilstrekkeleg feste i sin eigen tradisjon. Denne kritikken kan vise til eit sentralt prinsipp for faget. Prinsippet kom tydeleg til uttrykk også i tittelen på NOU 1995:9 – *Identitet og dialog*. Dialogen har i utgangspunktet identitet som føresetnad.

For å sikre dette prinsippet betre, kan ein tenkje seg at elevane i småskolen i større grad får høve til å fordjupe seg i eigen tradisjon. Da blir det tilsvarende mindre tid til å arbeide med andre religionar og livssyn. Langt på veg vil eg tru dette kan gjennomførast som differensiering innanfor gjeldande læreplan. Men det kan også vere at ein skulle vurdere å endre planen for småskolen.

Det må vere to viktige føresetnader for ei slik endring. Omsynet til gruppeintegrering tilseier at elevar frå fleirtals- og mindretalsgrupper må ha dei same rettane. Dersom elevar med kristen bakgrunn først og fremst skal arbeide med kristendommen i småskolen, må tilsvarende også gjelde for elevar med bakgrunn i andre religionar og livssyn. Omsynet til integrerende sosialisering tilseier at elevane alt i småskolen må bli fortrulege med at ulike religionar og livssyn lever side om side i det norske samfunnet. Arbeidet med eigen tradisjon må skje mot eit bakteppe av informasjon om den fleirkulturelle og fleirreligiøse situasjonen. Der mangfaldet er representert på eigen skolen eller i eigen klasse, må det også følgjast opp i undervisninga.

KRL og trusopplæringa

KRL er eit ordinært skolefag med ei pedagogisk grunngeving. Lærarane er ikkje representantar for kyrkja eller for andre religionar og livssyn. Dette er heilt annleis når det gjeld opplæring i regi av ulike trussamfunn. Det er for tida stor interesse for spørsmålet om korleis trus- og dåpsopplæring bør organiserast og finansierast. Skolen har i over 30 år vore prinsipielt skilt frå kyrkja. Den forskjellige forandringa av skolefag og trusopplæring tilseier at nye ordningar for trus-

og dåpsopplæring tek utgangspunkt i den fagprofilen som skolefaget har fått. Kyrkjelege eller andre aktørar som måtte ønskje eit anna KRL-fag eller ein modell med fleire parallelle fag, har etter mitt syn eit ansvar for å grunnje dette pedagogisk. Dei må vise korleis ein på ein betre måte kan løyse faget sine oppgåver i eit samfunn der religionar og livssyn lever ved sida av kvarandre.

Noter

- ¹ I Oslo byrett fekk ingen av saksøkarane medhald, jf. dommane av 16.04.99, sak nr. 98-02587 A/55, og av 30.11.99, sak nr.98-1364 A/47. Begge dommane er anka.
- ² Jf. Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen, Oslo: KUF 1996 (L97), s.89 og 94. Stortinget har formulert prinsippa for faget i Innst. S. nr.15 (1995-96)
- ³ Jf. Oversikten over faginnhald og fagstruktur i læreplanen, L97, s.92.
- ⁴ Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) vart vedteken 1998 og sett i verk frå 1999. Av særleg interesse er §1-2, formålsparagrafen, og § 2-4, som bl.a. fastset innhaldet i KRL-faget og retten til delvis fritak og differensiert undervisning.
- ⁵ Eit viktig forarbeid er NOU 1995:5 – *Identitet og dialog*
- ⁶ Her kan ein nemne prinsippa for faget, slik dei kjem til uttrykk i Innst. S.nr.15 (1995-96), og tolkinga av faget i departementet sitt rundskriv *Differensiert undervisning og avgrenset fritak i faget kristendoms-kunnskap med religions- og livssynsorientering*, KUF: Rundskriv F-03-98
- ⁷ Veiledning til læreplanverket for den 10-årige grunnskolen: Kristendoms-kunnskap med religions- og livssynsorientering. Oslo: KUF/Nasjonalt læremiddelsenter 1997
- ⁸ L97, s.15ff.
- ⁹ Jf. t.d. formålsparagrafen i Opplæringslova, §1-2.
- ¹⁰ Jf. eit sitat som dette frå læreplanen: « Det (faget) skal ivareta den enkelte elevs identitet ut fra egen tilhørighet, samtidig som det skal fremme dialog i en felles kultur». L97, s.89f.
- ¹¹ Ein slik frykt har kome til uttrykk i ein del minoritetsgrupper som har kritisert faget. Det framgår også av dommane i Oslo byrett, jf. note 1.
- ¹² I vedtak 6.juni 1996 ber Stortinget Regjeringa om å kome tilbake med ei brei vurdering av fritaksretten i forhold til KRL. «En slik vurdering må innbefatte en juridisk vurdering og legge til grunn (...) at de internasjonale konvensjoner som Norge har tiltrådt, skal overholdes». (Sitert frå Ot prp nr 38, 1996-97, s.3). Dette vedtaket blir følgt opp gjennom Ot prp nr

38 (1996-97). På bakgrunn av ei utgreiing frå lagdommar Erik Møse inneheld proposisjonen bl.a. ein paragraf som gjev rett til delvis fritak frå faget. Utgreiinga frå Møse er trykt som vedlegg til proposisjonen (s.11-45).

¹³ Jf. §2-4 i Opplæringslova.

¹⁴ Jf. KUF: Rundskriv F- 03-98: *Differensiert undervisning og avgrenset fritak i faget kristendoms-kunnskap med religions- og livssynsorientering*

¹⁵ L97, s. 94

¹⁶ Samanfatinga byggjer på ei samla forståing av dei dokumenta som til saman teiknar fagprofilen. Prinsippa kunne lett dokumenterast, men det skal eg ikkje bruke plass til her.

¹⁷ Thor Ola Engen: *Dobbelkvalifisering og kultur-sammenlikning*. Vallset: Oplandske Bokforlag 1989, kap.9, særleg s.374-400.

¹⁸ Ein annan didaktikk kunne ta sikte på ei meir distansert, kunnskapsprega orientering om ulike religionar og livssyn, ut frå den tanken at det av ulike grunnar kan vere *nyttig* med slik kunnskap. *Verdidimensjonen* (livstolkingsdimensjonen) ved lærestoffet ville da bli avblenda, og møtet med lærestoffet ville i kvalifisert forstand ikkje verke sosialisierende.

¹⁹ Dette er det ikkje høve til å grunnje noko nærare her

²⁰ Jf. NOU 1995: 12, s.22ff

²¹ NOU 1995: 9, s.8. Støtte til slik undervisning vart stadfest i brev av 16.10.95 frå KUF til kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen i Stortinget. Representanten Christiansen siterer frå brevet i ein komitémerknad i Innst.S.nr.15 (1995-96).

²² Som døme kan det nemnast at eit prinsipp for val av lærestoff i dei ulike faga er formulert slik: «Opplæringa skal utdjupe den kjennskapen elevane har til nasjonale og lokale tradisjonar, omfatte kunnskap om andre kulturar og fremje forståing og solidaritet på tvers av grupper og grenser.» L97, s. 66. Eit av måla for norskfaget er «(...) å styrkje den kulturelle tilhørsla hjå elevane gjennom å gi dei opplevingar med og kunnskap om norsk språk og litteratur, innblikk i andre kulturar og forståing for kva andre kulturar har å seie for utviklinga av vår eigen» (s.116).

²³ Denne posisjonen har den amerikanske filosofen N. Rescher utarbeidd og grunnjeve i mange av sine bøker. Sjå Rescher: *The Strife of Systems. An Essay on the Grounds and Implications of Philosophical Diversity*. Pittsburgh: University of Pittsburgh Press 1985.

Peder Gravem er førsteamanuensis ved Menighetsfakultetet, adresse pb. 5144 Majorstua, 0302 Oslo. Peder.Gravem@mf.no